

firmapost@statnett.no

Torkil.bardgjerde@statnett.no

04.04.2025

Sygnir sine innspel til Statnett si høyring: Ny tariffmodell

Innføring av kapasitetsledd

Sygnir er bekymra for at innføringa av eit kapasitetsledd vil komplisere tariffstrukturen i staden for å forenkle denne. Endring av avrekningstidspunkt til kunden sitt eige maksuttak frå transmisjonsnettet vil ha verknadar på omfordelinga.

- Produksjon er berre ein fordel om denne er bak målepunktet til nettselskapet. I alle Sygnir sine utvekslingspunkt mot Statnett er det også tilknytt store volum produksjon, utanfor vårt nett. Denne fordelinga påverkar ikkje utnyttinga av overliggande nett, men har potensielt store konsekvensar for kostnadsfordelinga mellom kundane i stasjonane.
- Avhengig av korleis nettet vert køyrt, kan uttak verte inkludert i avrekningsgrunnlaget i fleire uttakspunkt frå transmisjonsnettet, så lenge det ikkje er ein felles time som er gjeldande. Dette kan resultere i eit tariffgrunnlag som er høgare enn totalt forbruk for enkelte selskap, medan det for andre selskap vil gjeve eit tariffgrunnlag som er nærare det totale forbruket. Dette kan resultere i ulik behandling av ulike selskap.

Sygnir meiner at innføring av kapasitetsledd fjernar eit av insentiva til å plassere stort forbruk i områder med overskot av produksjon, gjennom at samlokaliseringsrabatten ikkje lengre er gjeldande for kapasitetsleddet. Det er god samfunnsøkonomi å plassere nytt eller auka forbruk i områder med mykje tilgjengeleg produksjon, ved å unngå utbygging av nettanlegg. Innføring av kapasitetsledd vil gjeve ei betydeleg auke i nettleige om Sygnir får nytt stort forbruk inn i vårt nett, utan at dette nødvendigvis reflekterer faktiske kostnader påført overliggande nett.

Energiledd

Energileddet er eit av få insentiv til å plassere forbruk dit det er gunstig for straumnettet. Det er store tap ved å flytte straum gjennom Noreg og marginaltapssatsen reflekterer nett dette. Nord-Noreg har til dømes eit stort kraftoverskot i dag og dette overskotet blir frakta sørover i Noreg og til slutt over utanlandskablane. Dette genererer mykje tap og slik sett gjer eit høgt marginaltap i Nord-Noreg, eit insentiv gjennom billegare nettleige, til å plassere forbruk i Nord-Noreg som vil vere gunstig for nettet vårt. Då får ein betre balanse i straumnettet, mindre behov for nettanlegg, mindre nettap, mindre miljøkonsekvensar og lågare nettleige for alle total sett.

Sygnir sitt budskap er at me må behalde insentiv til å balansere nettet ved å premiere å plassere forbruk/produksjon dit kor det er gunstig, evt. motsett å straffe forbruk/produksjon dit kor det ikkje er gunstig. Områdeprisen fungerer slik sett ikkje, då til dømes Bergen som er eit stort underskotsområdet har same kraftpris (NO5) som til dømes Sygnir sitt område som har eit stort kraftoverskot. At ein bør gjere justeringar er me ikkje imot, då svingingane i dagens marknad er for store til at insentiva blir logiske og reelle.

Produksjonstunge regionar og nettselskap i desse regionane blir stort sett straffa meir enn andre regionar i dagens reguleringsmodell og nettleigemodell, å få behalde nokre av insentiva som eksisterer i dag er særskild viktig.

Reservasjonstariff

Sygnir meiner det er betre tiltak som allereie er innført for å unngå at urealistiske prosjekt opptek plass i reservasjonskøane.

- Statnett har nyleg endra tal på modenheitsnivå for tilknytningssaker frå 3 til 2, der alle saker må ha oppnådd nivå 2 for å kunne få plass i kapasitetskø, vilkårsutgreiingskø og få reservasjon.
- Sygnir erfarer at fleire førespurnadar vert trekt når me informerer om utgreiingsgebyr, og meiner dette i seg sjølv er eit godt verkemiddel for å luke vekk

useriøse aktørar. Kundar som likevel betalar for utgreiing er seriøse aktørar som ynskjer å stå løpet ut.

- Sygnir er bekymra for at ein tariff for å stå i kø er lite kundevenleg. Me er bekymra for at det er tilknyttande nettselskap som vert ansvarlege for å forklare og forsvare denne tariffen, sjølv om innføring og prisnivå er utanfor vår kontroll. Dette er spesielt utgangstig om kunden venter på tiltak i overliggande nett, som også er utanfor vår kontroll.

Anleggsbidrag

Sygnir stiller seg bak Statnett si vurdering av utfordringane knytt til dagens anleggsbidragsregelverk. Kravet om at ein eller fleire kundar må vere utløysande for eit nettiltak for at tiltaket skal vere anleggsbidragspliktig, skaper uvisse og praktiske vanskar i utgreiings- og investeringsprosessar. I mange tilfelle er det krevjande å fastslå direkte årsakssamanheng mellom tilkomsten av nye kundar og behovet for nettutvidingar sett opp i mot behovet for reinvesteringar. Vidare kan slike samanhengar endre seg gjennom prosjektperioden, noko som gjer det utfordrande å fastsetje ansvarsforhold og kostnadsdeling på ein føreseieleg måte. Dette kan føre til uønskt forseinking av viktige nettutviklingsprosjekt og dermed påverke forsyningstryggleik og næringsutvikling.

Vidare støttar Sygnir òg Statnett i vurderingane om at dagens anleggsbidrag gjev dårlege og urettferdige prissignal, der store investeringar er dekkja av eksisterande kundar gjennom allereie betalt anleggsbidrag og gjennom nettleige, og gjev ledig kapasitet til nye kundar. Ei standardisering av anleggsbidragsordninga vil i mindre grad krevje bruk av skjønn hjå den enkelte sakshandsamar, og minskar risiko for strategisk kundeåtfærd for å unngå 10-års-regelen. Dette vil gjere det enklare for nettselskapa å handheve likebehandling av alle førespurnadar om ny eller auka tilknytning, i tillegg til å gje eit tydeleg prissignal ovanfor nye nettkundar uavhengig av om ein koplar seg på eit eksisterande nettanlegget eller om ein utløyser behovet for endring og/eller nye nettanlegg.

Fastledd for innmating i regionalt distribusjonsnett

Sygnir er heilt ueinig i at fastleddet for innmating i regionalt distribusjonsnett skal vidareførast til Statnett. Sygnir har måtta gjere store investeringar i regionalnett utløyst av kraftutbygging, der berre deler av dette er dekkja gjennom anleggsbidrag. Det er urimeleg at desse kostnadane vert dytta over på kundar i distribusjonsnett, i staden for å verte dekkja gjennom fastledd i regionalnett.

Statnett har kommentert at ein eventuell endra praksis knytt til fastleddet for innmating i regionalt distribusjonsnett vil medføre ei justering av samlokiseringsrabatten. Denne oppfatninga deler ikkje Sygnir. Det er viktig å behalde insentiva for samfunnsøkonomisk nettutnytting ved å plassere nytt stort forbruk i områder med kraftoverskot.